

PRZEGLĄD PRASY Z NORSK NÅ #1



INWAZJA JELENI

Zdesperowani mieszkańcy
proszą gminę o pomoc.

*Nauka i trening
słownictwa*

KYSTBY TEK GREP FOR Å DEMPE

«HJORTE-INVASJONEN»

TEKST



Nærgående **hjort** har blitt eit så stort problem i Florø at fortvila innbyggjarar **ber om** hjelp. No tek kommunen grep.

Kinn kommune har i ein søknad til Miljødirektoratet bedt om **lov til å bedøve** og flytte **plagsam** «by-hjort».

– Hjorten et det dei finn, og **kjem** inn på terrassane til folk, fortel **landbrukssjef** Jon Anders Stavang i Kinn.

Kommunen gjorde det same i 2012. Då 25 blei hjortar frakta vekk.

SŁÓWKA

å ta grep (for) – podjąć działanie

å dempe – stłumić

en hjort – jelen

å be om – tutaj: prosić o

lov til – pozwolenie na

å bedøve – ogłuszyć

plagsam – uciążliwy

kjem = kommer

et landbruk – rolnictwo

- Det er vanskeleg å **jakte** i sentrumsnære område. Det har hjorten **funne ut**. Dermed blir det fleire dyr der, forklarar landbrukssjefen.

- Barneborna synest **det er stas**, men han et opp blomane Johan Johansson er ein av **huseigarane** som **jamleg** har besøk av hjort i hagen sin.

- **Personleg** synest eg det er berre **hyggjeleg**, og barneborna synest også at **det kjekt** at hjorten **kjem på besøk**, seier han.

Johansen fotograferte både **koller** og ein kronhjort i bakhagen i oktober, og har i **utgangspunktet berre godt å seie** om dei **firbeinte** gjestene.

- **Eg** og kona brukar å stå på verandaen og prate, mens hjorten **held på sitt**. **Heller ikkje** katten har problem med **dei**.

Hageeigaren er likevel positiv til at kommunen tek grep.

- Det synest eg er supert. Det er fint med hjort, men han **et jo opp** blomane våre.

Og **problemet veks i omfang**. For hjortestammen har blitt større.

å jakte - polować
 å finne ut - dowiedzieć się, zorientować się
 det er stas - to jest extra
 huseigarane = huseier - właściciel domu
 jamleg = ofte
 personleg - osobiście
 hyggjeleg - miło, fajnie
 det er kjekt - to spoko, to miło
 kjem på besøk = kommer på besøk - przychodzić w odwiedziny
 koller = rådyr - sarna
 utgangspunktet - zasadniczo
 berre = bare
 å seie = å si - powiedzieć
 firbeinte - czworonożny
 eg = jeg
 å holde på sitt - zajmować się swoimi sprawami
 heller ikke - też nie
 dei - det
 et opp = spiste opp
 problemet veks i omfang - problem rozrósł się

Blir fleire hjortar

Bestandane av hjort og hjortevilt er historisk **høge** i **Noreg**.

Tidlegare i haust skreiv NRK om bønder på Vestlandet som lenge har meint at **noko må gjerast**. Eit av **tiltaka** er at 72 kommunar i Noreg fekk innvilga **kvotefri jakt** på hjortekalvar av Miljødirektoratet.

Hovudutfordringane er at hjorten har **kome tett på** folk, **et opp avlingane** til bøndene og at det er mange **trafikkulykker** og **uhell**. Hos Miljødirektoratet seier seniorrådgjevar Erik Lund ved viltseksjonen at hjortestammen i Noreg ikkje er ute av kontroll, men at han i nokre område er større enn ønskeleg.

– Og hjorten **breier seg** framleis både austover og nordover i landet.

50 påkøyrd i fjor

Landbrukssjefen i Kinn håper dei klarer **skyte** ein del av hjorten under jakta som varer til 23. desember. Og helst den delen som er i **villaområda** og hagane til folk.

en bestand – zasób; ilość;

høge = høye

Noreg = Norge

noko må gjerast = noe må gjøres

tiltak – środek, sposób

kvotefri jakt – bezkwotowe polowanie

hovud = hoved – główny

en utfordringa – wyzwanie

å komme tett på – zbliżyć się do

et opp = spiste opp

en avling – uprawa

ei trafikkulykke – wypadek samochodowy

et uhell – nieszczęście

breier seg – rozprzestrzeniają się

å skyte – strzelać

et villaområde – okolica

villi/domów

Det andre **tiltaket** er altså å bedøve hjorten til våren. For deretter **å frakte han vekk.**

Difor har dei **søkt**

Miljødirektoratet **om løyve** til å **gjere** slik dei gjorde i 2012. Men etter at dei 25 dyra **blei fanga** og **skyssa** med båt til Norsk **Hjortesenteret** på Svanøy, har **stammen gradvis vakse seg større** att.

Strengt regelverk

Utgangspunktet er at viltlevande dyr ikkje skal haldast i **fangenskap, opplyser** Miljødirektoratet.

Bakgrunnen er at dyra kan få ein **kraftig stressreaksjon** når dei kjem innanfor eit gjerde og skal bli handtert av folk.

– Men vi har erfart at hjortane som går i hagane til folk ikkje får ikkje denne stressresponsen, difor søker vi om dispensasjon frå regelverket, seier Stavang.

Miljødirektoratet **reknar med** at kommunen kan vente seg svar før jul.

et tiltak - inicjatywa
 frakte vekk - wywieźć
 difor = derfor - dlatego
 å søke om løyve - ubiegać się o pozwolenie
 å gjere = å gjøre
 blei fanga = ble fanget - został złapany
 å skyssa - przewozić
 et hjortesenter - centrum jeleni
 en stamme - plemię
 gradvis - stopniowo
 å vakse seg = voksne seg - rozrosło się

strengt regelverk - surowe przepisy
 et fangenskap - niewola
 opplyse - informować;
 objaśniać;
 kraftig - silna
 stressreaksjon - reakcja stresowa
 reknar med = regner med - liczą, że

- Vi registrerer at kommunen har ei utfordring med mange **bynære** hjortar. Når det blir **gjort unntak** frå eit strengt regelverk, ligg det ei konkret og **grundig vurdering** bak, opplyser Erik Lund ved viltseksjonen.

I Gaddevegen i Florø ser Johan Johansson fram til å få ha hagen **i fred, sjølv om** det kanskje ikkje er han hjortebesøka får størst følgjer for.

- Det er kona som får arbeidet med hjorten. Det er **ho** som **tek seg av** hagen, ler huseigaren.

bynære - bliskich miastu

å gjøre unntak - zrobić wyjątek

grundig - dokładny;
gruntowny

vurdering - ocena, szacunek

i fred - w spokoju

sjølv om - selv om - pomimo, że

ho = hun

tek seg av = ta seg av -

zajmować się

PYTANIA DO TEKSTU

1. Hva skjedde i Kinn kommune?
2. Hva er "by-hjort"?
3. Hvorfor er det flere hjorter i sentrum?
4. Hva er barnas mening om saken?
5. Hvilke negative konsekvenser av høyt antall av hjort nevner beboerne?
6. Hvordan vil beboerne takle "invasjonen"?